

Til søkjarar på arealtilskot i Stranda kommune

Gardskart og søknad på arealbaserte tilskot (PT/RMP)

Som de veit er det arealtala i gardskartet som vert lagt til grunn ved utrekning av arealtilskota i landbruket.

Det er difor viktig at opplysningane om jordbruksarealet (Fulldyrka jord, Overflatedyrka jord og Innmarksbeite) er oppdaterte og korrekte.

Gardskartet - ei form for sjølvmelding

Som søkjar av produksjonstilskott er du sjølv ansvarleg for at opplysningane om storleiken på dei areala som gir rett på tilskott er korrekte. Leiger du ut areal som gir rett på tilskott, er du også ansvarleg for at leigetakar får oppgitt rett storleik på leigeareala.

Vi ber med dette om at du kontrollerer gardskartet/-a dine for feil og manglar. Framleis finn vi feil/mangla, både i eigedomsgrensene (Digitalt Eigedomskart - DEK), i arealklassene (Digitalt Markslagskart - DMK), sjølv om kvaliteten har blitt stadig betre.

Meld difor inn feil/manglar slik at vi kan gjere ei vurdering ev. ved synfaring. Kartmaterialet vil då bli retta opp i den grad det er behov for det. Det er *jordbruksarealet* (Fulldyrka jord, Overflatedyrka jord og Innmarksbeite) og *overgangar frå utmark til innmark* (t.d. dyrking av skog) eller *overgangar frå jordbruksareal til anna areal* (t.d. attgroing, nedbygging) som blir prioritert med omsyn til oppretting.

Det er lagt ved ein brosjyre som forklarar innhaldet på gardskartet.

Resultatet av denne prosessen vil bli lagt til grunn ved kontrollar av arealoppgåvene i Søknad om produksjonstilskott/Regionalt miljøtilskot ved søknadsomgangen seinare i haust.

Om du i tillegg oppdagar feil/manglar når det gjeld vegar, bygningar, gards- og bruksnummer osv., høyrer vi også gjerne frå deg. *Marker feila på kartet eller lag ein omtale på baksida/på eige ark.*

Kontaktpersonar i kommunen:

- Inge Bjørdal [e-post: inge.bjordal@stranda.kommune.no. M.: 464 11 023], og
- Carlos Ruiz Rabelo [e-post: carlos.rabelo@stranda.kommune.no. M.: 464 11 132]

I nokre tilfelle vil kommunen utføre synfaring av areal der det er påvist endringar og endringa ikkje kan stadfestast ved bruk av flybilde åleine. Det vert i så fall teke nærmare kontakt med deg om dette.

For å vere sikra å få utført ev. justeringar FØR søknadsfristen (15. oktober) , ber vi om få tilbakemeldingar innan **1.10.2025**. Har du spørsmål, kan du ta kontakt på telefon/e-post eller kome innom kontoret.

Med vennleg helsing

Inge Bjørdal

- næringssjef -